



Bilete teke frå Hornseten med utsikt mot Runde og havet.

Program for Herøy Høgre 2023–2027

Fosnavåg, 28.04.23



Innleiing

Vårt program tek utgangspunkt i Høgre sin formålsparagraf:

Høgre legg vekt på kontinuitet mellom fortid og framtid. Vi har arva eit samfunn prega av tillit, openheit, små forskjellar og med høg verdiskaping og gode velferdsordningars. Det er vår plikt å ta vare på og viderautvikle samfunnet for framtidige generasjonar. Vi vil endre for å behalde, med det meinar vi å gjere nødvendige endringar av omsyn til klima og miljø, økonomisk og sosial bærekraft og framtidige generasjonar si velferd.

Høgre sin politikk byggjer på ein kristen og humanistisk kulturarv. Alle menneske er født forskjelleg og med same ukrenkelige eigenverdi. Høgre meiner at mangfald og toleranse er viktige verdiar for det norske samfunnet, mangfaldet bidreg til å utfordre og utvikle oss.

Høgre er eit marknadsvennleg parti, markedsøkonomien fordeler økonomisk makt på fleire hender og sikrar deltaking av mange. For å sikre velfungerande konkurranser må ein unngå økonomiske og politiske maktkonsentrasjonar. Makt og ansvar bør plasserast så nær den enkelte, familien og lokalsamfunnet som mogeleg. Det offentlege bør ikkje få for mykje makt, dei har ei plikt til å forvalte fellesskapet sine ressursar så effektivt som mogeleg.

Samfunnet er meir ein staten, difor krev det grenser for politikk. Herøy Høgre ynskjer ein sterkt, men begrensa stat som sikrar innbyggjarane grunnleggjande tryggheit, velferd og like mogelegheiter. Høgre meiner at samfunnet bør skapast og byggjast nedanifrå. Høgre meiner at kvar enkelt skal ha størst mogeleg friheit til å forme sitt eige liv og si eiga framtid, basert på respekt for andre og for fellesskapet.

Vår politikk byggjer på dette verdigrunnlaget:

- Tillit til enkeltmennesket, samfunnet styrker enkeltmennesket.
- Friheit til og ansvar for å forme sitt eige liv.
- Respekt for andre og for fellesskapet.
- Samhald og solidaritet mennesker imellom.
- Omsorg for den som treng det.
- Samspel mellom personleg frihet, sosialt ansvar og dei private og offentlige fellesskapa.
- Makt og ansvar plassert så nært den enkelte og familien som mogeleg.



Våre hjartesake

- Byggje helse- og omsorgsenter for framtida.
- Ynskjer ikkje å innføre eigendomskatt.
- Ny barneskule på Bergsøya.
- Utvikle Fosnavåg sentrum.
- Regulere og utvikle nye næringsområder i Myrvåg.
- Jobbe for fleire møteplassar og fritidstilbod i indre del av kommunen.
- Ha høg prioritet på regulering av bustadtomter i heile kommunen.
- Vere ei JA-kommune for næringslivet og forkjempar for offentleg privat samarbeid.
- Herøy kommune skal vere ei kulturkommune med eit godt og variert kulturliv.
- Herøy kommune skal vere ei god kommune å leve og bu i, heile livet.



Kultur og oppvekst



Mogelegheiter for alle i skulen

Skulen skal gi like mogelegheiter for alle og gi elevane grunnleggjande ferdigheiter og kunnskap. Høgre vil ha nulltoleranse for mobbing, styrke skuleleiinga og gi gode tilbod for etter- og videreutdanning av tilsette.

- Herøy Høgre meinar alle elevar i Herøy-skulen skal ha eit godt oppvekst- og læringsmiljø.
- Herøy Høgre meinar det beste for eleven skal vere førande for skulestrukturen der fagleg kompetanse, læringsmiljø og skolemiljø skal vektleggjast, ikkje elevtal og økonomi.
- Herøy Høgre vil styrke satsinga på skulehelsetenesta med fokus på psykisk og fysisk helse for born og unge.
- Herøy Høgre skal arbeide for å vidareføre tverrfaglege tenester i oppvekstsektoren og prioritere tidleg innsats.
- Herøy Høgre vil støtte dei eksisterande fritidstilboda og vere positive til fleire møteplassar for born og unge i heile kommunen.

Tidleg innsats i barnehagen

Læring og leik i barnehagen dannar grunnlaget for at borna lykkast i skulen. Tidleg innsats er ein nøkkel til seinare meistring og auka læringsutbytte for alle elevar.

- Herøy Høgre vil arbeide for gode økonomiske rammer for alle barnehagane i kommunen.



- Herøy Høgre vil fortsatt sikre full barnehagedekning.

Kultur

Herøy Høgre ynskjer eit inkluderande og mangfoldig kultur- og idrettsliv. Vi ynskjer at Herøy kommune skal vere ei kommune med eit godt og variert kulturliv, vi meinar det bidreg til bulyst og trivsel. Frivilligheita er bærebjelken i små og store lokalsamfunn og Herøy Høgre har tillit til at samfunnet byggjast nedanifrå av engasjerte innbyggjarar. Det er frivilligkeit som skaper det gode samfunn.

- Herøy Høgre vil vere ein støttespelar for kulturarrangement i kommunen.
- Herøy Høgre ynskjer å styrke lokaldemokratiet og utvikle nye nærdemokratiske ordningar saman med frivillige enkelpersonar og organisasjonar.
- Herøy Høgre vil ta vare på idrettsanlegga i kommunen i samarbeid med idrettslaga.

Reiseliv

Herøy Høgre vil arbeide tett saman med dei som driv med reiseliv. Herøy har mange med lang erfaring innan reiseliv som kan vere bidragsytarar framover. Herøy Høgre er oppteken av den unike kystkulturen og kystlandskapet vi har i kommunen, med bruer, øyer og hav har vi ei heilt unik oppleveling til besøkjande. Den unike samlinga av bruer er heilt fantastisk. Runde er og vert vårt flaggskip innan turisme, vi må ta vare på den unike øya og lytte til dei fastbuande. Herøy kommune er ei kommune med mange dagsturistar, her må vi samkøyre tilboda som gjer at dei vert i kommunen lengre. I den samanhengen må vi sjå på tilboda vi har og om det er noko meir vi kan bidra med. Herøy kommune har mange aktørar som lever av turisme og Herøy Høgre vil lytte til dei når vi skal behandle saker eller utvikle reiseliv.

- Herøy Høgre vil satse på Herøy gard i vår turisme- og reislivssatsing.
- Herøy Høgre vil støtte det vidare arbeidet med cruisenettverket.
- Herøy Høgre vil leggje til rette for nærturisme.



Helse og omsorg



Utgangspunktet for Høgre sin politikk er omsynet til omsorgen for enkeltmennesket. Difor vil vi sikre at det er brukaren, ikkje systemet, som står i sentrum av helse- og omsorgstenestene. Helse- og omsorgstilbodet skal ha kvalitet, verdighet og gi valmoglegheiter. Eldre skal ha tilbod om gode og næringsrike måltid, økt aktivitet og fellesskap. Herøy Høgre vil gjennomføre eit krafttak for psykisk helse og tidleg innsats.

- Herøy Høgre skal ha sterkt fokus på framtidsretta helse- og omsorgstenester.
- Herøy Høgre vil byggje helse- og omsorgssenter for framtida.
- Herøy Høgre vil byggje omsorgsboligar på ytre bydel i Fosnavåg, slik at vi etablerer TTP.
- Herøy Høgre skal tilretteleggje bustadar for menneske i ulike faser i livet.
- Herøy Høgre meinar pasient og brukar alltid skal vere i fokus.
- Herøy Høgre skal jobbe for fleire fagdagar innan helse- og omsorgssektoren.
- Herøy Høgre vil satse på tidleg innsats innanfor rus- og psykiatritenester.



Samfunnsutvikling

Herøy Høgre skal legge tilrette for næringsutvikling og sørge for at kommunen har de beste vilkåra for nyskapning og vekst. Varig velferd byggjer på lønnsomme bedrifter med trygge arbeidsplassar. Herøy kommune skal være open og tilgjengeleg med effektiv og ansvarleg økonomisk drift.

- Herøy Høgre har som målsetting å ikkje innføre eigendomskatt.
- Herøy Høgre skal ha god økonomistyring og ein fast budsjett politikk.
- Herøy Høgre skal jobbe aktivt inn mot fylkeskommuna saman med nabokommunene våre, for ny Dragsund bru.
- Herøy Høgre skal arbeide for å etablere stor fleir brukshall i Myrvåg i samarbeid med privat og gjerne nabokommunene våre.
- Herøy Høgre skal ha høg prioritering i reguleringa av nye bustadomter i heile kommunen.
- Herøy Høgre skal vere positive til OPS (offentlig, privat samarbeid) ved utvikling og nyetablering.
- Herøy Høgre vil vidareutvikle Myrvåg og Fosnavåg Næringspark som industri- og serviceområde, samt leggje til rette for meir næringsareal.
- Herøy Høgre skal arbeide aktivt for ny veg Leine-Voldsund og for ei framtdsretta løysing for ny Remøy bru.
- Herøy Høgre vil prioritere vedlikehald av kommunale vegar og bygg.
- Herøy Høgre skal fortsette arbeidet med trafikktryggingstiltak og trygge løysingar for skulevegar.
- Herøy Høgre skal vere ei JA-kommune for eksisterande næringsliv og tilretteleggjar for nyetableringar.
- Herøy Høgre ynskjer at fiskeri, offshore og den marine næringar skal fortsatt vere viktige bærebjelkar i Herøysamfunnet.
- Herøy Høgre skal arbeide for at Fosnavåg skal vere ei attraktiv fiskerihamn.
- Herøy Høgre skal arbeide for fleire lærlingplassar i regi av kommunen.



Kandidatliste

- [1. Ann-Kathrin "Tine" A. Storøy](#)
- [2. Karl Petter Sortehaug](#)
- [3. Carl-Henrik Myrseth Moltumyr](#)
- [4. Sigurd Voldlund Nygård](#)
- [5. Tor Sindre Steinsvik](#)
- [6. Margaretha Leinebø](#)
- [7. Maria Isabell Espeseth Sævik](#)
- [8. MonaGrethe Ryssevik](#)
- [9. Torbjørn Anton Hide](#)
- [10. Maria Kristin Sporstøl Leine](#)
- [11. Kjetil Daniel Jøsok](#)
- [12. Stig Arne Helsem Sævik](#)
- [13. Janne-Katrin Hansen Sævik](#)
- [14. Fred Hansen](#)
- [15. Monica Bjørhovde](#)
- [16. Norvald Bjarne Muren](#)
- [17. Malene Frøystadvåg Remøy](#)
- [18. Arjan S. Sydhagen Dalsøren](#)
- [19. Kristin Kvalsund Baade](#)
- [20. Jørn Magnussen](#)
- [21. Yvonne Fosnavåg Almestad](#)
- [22. Knut Egil Aurvåg](#)
- [23. Caroline Sivertstøl Stolsmo](#)
- [24. Per Inge Tarberg](#)
- [25. Andreas Leine](#)
- [26. Bente Storvik](#)
- [27. Knut Petter Dimmen](#)
- [28. Kristian Helsem Sævik](#)
- [29. Thomas Vassvik](#)
- [30. Mette Lokna Nedreber](#)
- [31. Remi André Klokk Eide](#)
- [32. Anette Teige](#)
- [33. Marlene Runde Igesund](#)
- [34. Øyvind Sævik](#)
- [35. Kjerstin M. Lilleøy Nygård](#)
- [36. Ingallill Higraf Remøy](#)
- [37. Karoline Velsvik Sivertsen](#)
- [38. Idar Kjell Tarberg](#)
- [39. Lars Ivar Moldskred](#)